

Lars S. Vikør:

Kommentarar til vedtaka i nynorsknemnda frå 8.-9. juni

Eg kommenterer berre slikt eg er usamd i, eller der eg er sterkt i tvil og meiner det er grunnlag for problematisering. Aller først til ei meir prinsipiell sak frå møtet i april.

Det gjeld det med å skilje variantar ut som ulike ord. Det er ein vanskeleg grensegang her, men det er lett å sjå at det kan fungere som ein lettvinnt måte å sleppe å prioritere på. For dei av oss som ikkje er hissige innstramarar, er det alltid freistande å støtte slike vedtak. Det betyr maksimal fridom for brukarane: ikkje berre valfridom mellom to former, men òg fritak frå det sterke konsekvenskravet vi elles har i ”normale” valfridomstilfelle. Folk kan etter dette bruke *mylne* og *mølle*, *stynje* og *stønne*, *kors* og *kross* osv. om kvarandre i same teksta om dei vil. Men orda i desse para betyr jo uansett alltid det same..

For meg fungerer dei fleste ordpara på listene frå april møtet (altså dei sju j-verba pluss *mylne* – *mølle* og rekkja frå *kross* – *kors* til *tøffel* – *tofle*) som enkeltord med valfrie former – som i ein del tilfelle inkluderer valfri bøyning. For å rekne med ulike ord, ser eg det som eit viktig vilkår at formene har fått ulik tyding og funksjon, og at dei kan brukast saman i ei nynorsk tekst med desse ulike tydingane og funksjonane. Ut frå det er det openbert at *lodd*, *lott* og *lut* er tre ulike ord, sjølv om etymologien er den same. Men av dei tretten ordpara eg drøftar her, er det berre *verd* – *verde* – *verdi* som truleg har ulik bruk, og det er nokså uklart korleis grensene mellom dei går. Det blir Norsk Ordboks oppgåve å greie ut om det. Men vedtaket om separat normering av tre ord *verd* – *verde* – *verdi* meiner eg uansett er fornuftig.

I dei andre tilfella vil eg seie at det er snakk om tradisjonelle og radikale (eller ofte allmennnynorske) variantar av same ord. Ein kan vel seie at å gi ordstatus til *drynja*, *dynja*, *grypja*, *grysja*, *mylne*, *stynja*, *bok* ’bøk’ og *tofle* fører tanken til Einar Førdes ord (sagt i ein heilt annan samanheng) om å bere havre til ein daud hest. Jamstilling mellom *kors* og *kross* og mellom *kvefs* og *veps* verkar for meg rimeleg etter bruksfrekvensen, og da kan dei gjerne kallast heilt ulike ord for min del. Men vi får fleire ord som byr på same dilemmaet (*lege* – *lækjar*, *skuld* – *skyld*, *korfor* – *kvifor*, alt som kan bety ’korleis’, osv.), så ei grundigare og meir prinsipiell utgreiing om dette problemet er nok ikkje av vegen. Vi slit med det same i Norsk Ordbok, og vi er slett ikkje alltid samde om kor grensene går. Ofte dreg prinsipp og praktiske omsyn i kvar si lei.

Å tillate *svømme* er eg ambivalent til: Eg er personleg tilhengar av det, men ser det som litt problematisk ut frå mandatet til nemnda. Men eg ser at prinsippet om å rekne det som eige oppslagsord gjer det lettare å ta det inn. Eg trur likevel de i tilfelle må godta preteritumforma *svømte*; kunstige bøyingsformer på etablerte ord som ein tek inn (som **svømde*), er neppe liv laga hos brukarane.

Så er det vedtaka frå juni-møtet.

a – e:

bare – *berre*: Dette er eit av tvilsspørsmåla. *Bare* er først og fremst ei form for det sørvestlege, særleg Rogaland fylke, truleg også Agder, som det også er nemnt i sakskapiret. I skriftleg nynorsk er det særleg hos skribentar frå denne landsdelen ein finn det. Alexander Seippel (setesdalsmann) var ikkje komfortabel på dette punktet; han ville helst ha *barre*. I

vanleg skriftleg nynorsk er det klart at *berre* er den umarkerte forma, mens *bare* er regionalt markert. Eg er i tvil om kva eg ville ha gjort, men det er lurt å vere obs på kva rogalendingar seier i ordskiftet om dette. Om dei jamt over godtek *berre* som eineform, skulle det ikkje vere noko i vege for det.

jarn – jern: Her er eg usamd og går inn for at *jarn* blir verande jamstilt. Rett nok har *jern* komme sterkt inn i skriftspråket, og kan ikkje fjernast, men *jarn* er framleis den mest naturlege forma i talemålet over det meste av nynorskområdet, og dessutan i Trøndelag, og eg vil tru den mest naturlege som skriftform også i desse områda. Sjølv har eg fått motbør på forma *jarnbane* i ei omsetjing; språkvaskaren ville ha anten *jernbane* eller *jarnveg*. Eg meiner det er feil å dytte *jarn* over i ”tradisjonssfæren” på den måten. Det ser òg rart ut å ta ut den forma når *hjarde* blir obligatorisk (noko eg ikkje set meg imot, på grunn av bruksstatusen). Eg håpar dette blir omgjort i revisjonsfasen.

o – u

skole – skule: Eg går sterkt imot framlegget om å ta vekk *skole*, fordi det er ei så godt etablert og utbreidd form både i tale og skrift. Denne forma vart opphavleg promotert av målfolk nordafjells, ikkje minst frå Nord-Noreg, der *skule* kjennest heilt framandt. Rett nok vil mange sjå bort frå slike omsyn, sidan det gjekk som det gjekk i Nord-Noreg, og det hadde eg òg gjort om *skole* var blitt verande ordlistefyll. Men det er komme i vanleg bruk, samtidig som *skule* hevdar seg svært godt. Det ligg mye regionalkjensle i bruken av både *skole* og *skule*, og eg ser det ikkje som noko negativt at skolar får heite *skole* og *skule* litt etter talemålet i distriktet og ikkje berre etter målformgrensene (sjølv om det ikkje går opp der dei har bokmål, men seier *skule*). På ordskiftet under festspela i Ørsta merka eg tendensar til å gjere det til ei ”prestisjesak” å få vekk *skole*, og eg åtvarar generelt mot den måten å forhalde seg til desse (tidvis ganske vanskelege) sakene på.

skolera: Det følgjer av det ovanståande at eg meiner denne forma bør bli ståande. Dette ordet kom elles inn uavhengig av *skole/skule* og *berre* i denne forma; *skulere* er ein analogisk konstruksjon laga av målfolk om lag 1970 (ordet var nok ikkje så gammalt i språket da, eg trur det kom inn mest i samband med organisasjonssamfunnet og den ”skoleringa” det gjorde nødvendig, som var noko anna enn det meir allmenne og offentlege ”utdanning”). Det nederlandske verbet *scholieren*, som skal vere opphavet, har eg elles aldri hørt; dei bruker *scholen* (mest i partisippforma *geschoold* ’skolert’). Men substantivet *scholier* ’elev’ finst, jamvel om det no er lite brukt; det heiter stort sett *leerling*. I moderne danske, svenske og nederlandske ordbøker finst ikkje dette ordet, men i Ordbog over det danske Sprog, som omfattar tida 1700-1955, står det, og den tydinga vi kjenner, er markert som ”sj(elden)” (belegg frå 1894). Det kjem altså via eldre dansk frå eldre nederlandsk, og har ei rot i gammalfransk *escolier*. I moderne tid ser det ut til å vere særnorsk.

o - å

Her manglar *brote* [*bråte*] (og ditto *-brann*).

Her er det eigentleg tre grupper. Dei to første orda, *drope* og *flote*, saman med *brote*, har gammal stuttstaving og er dermed jamvektsformer i austnorsk, slik at *bråttå*, *dråppå* og *flåttå* er vanlege talemålsformer. Same om frekvensen er ulik, trur eg det er uklokt å påby *å* i *flåte* og *o* i dei to andre; dei blir nok oppfatta som parallelle av mange og bør få lik normering. Eg trur jamstilling mellom *o* og *å* vil vere det luraste, sjølv om det rett nok kan bety harde forhold

for *o*-formene. Men spørsmålet er kor lenge nynorsken kan halde oppe skrivekonvensjonen *o* for uttalen *å* når bokmålet har same uttalen, men skrivekonvensjonen *å*. Vi greier det jo i *open*, sjølv sagt, kanskje med ei handsrekning frå engelsk? Men dei verkelege tradisjonistane gremmar seg over at *mose* og *pose* (som er jamvektssord heilt parallelle med *brote* og *drope*) no blir uttala med *o* i staden for det målføre-tradisjonelle *å* (*måse* og *påse* vestpå, *måsså* og *påsså* austpå). Der bokmålet skriv *o*, er det vanskeleg for nynorsk å skrive like eins og halde oppe ein avvikande uttale. Og tilsvarande med omvendt forteikn der bokmålet skriv *å*. Det ser ut til at ei tradisjonell nynorskform som skal overleve, må vere ulik bokmålsforma både i skrift og uttale, samtidig som dei nynorske skrift- og uttaleformene må ha eit regelmessig forhold til kvarandre. Det er mitt tips at om ein held fast på den tradisjonelle normeringa, kjem saka opp att i neste nemnd om tjue år. Dette gjeld truleg òg *tole* og *tolmod*, som ikkje er jamvektssformer, men som elles også blir omfatta av resonnementet ovanfor.

No – *nå* er annleis, fordi det her er snakk om ein uttaleskilnad mellom dei to skriftformene. Eg trur det er lurt å jamstille, fordi eit stort sørleg område som inkluderer Sørvestlandet, truleg også Sunnhordland, har *nå* (attåt Gudbrandsdalen). Kombinasjonen *då* og *nå* er vanleg på Sørvestlandet, mens kombinasjonen *da* og *no* er vanleg i Trøndelag. Dette er såpass frekvente ord og sentrale regionale markørar at eg trur det har ei viss betydning for folk at dei kan velje.

So [*så*] nemner de ikkje i det heile, men de må ta stilling til dette ordet òg. *So* har nok eit snevrare grunnlag enn *nå*, og i alle fall om de held fast på å stryke *nå*, må vel *so* også strykast.

Enkeltord

Mye – *mykje*: Eg ville foreslå å behalde *mye*, som ”signalord”, som sakspapiret seier – trass i at *mykje* er den dominerande og umarkerte forma.

Sundag og *søndag* er eg glad for at de vil behalde som jamstilte former, men eg átvarar mot å opne ein ny ”debatfront” om dei andre dagnamna. *Måndag*, *tysdag* og *laurdag* er etablerte og allment brukte eineformer, og eg vil halde fast på at slike primært bør respekterast. Eg trur ikkje det vil vere tenleg å opne for bokmålsformene her.

Diftong – monoftong

Dette er eit vanskeleg område, og bør problematiserast. Det er liten tvil om at diftongformene er dei vanlegaste i dei fleste orda, og at monoftong stort sett er ganske markert som ”ikkje-tradisjonelt”. Personleg kunne eg likevel tenkt meg å behalde dei mest vanlege monoftongformene, også med tanke på talemålet: eg tenkjer på *drøm(me)*, *strøm(me)*, *flom(me)*, *gjømme* og *glømme*, *trøst(e)*, *trøtt* og formene framfor *-r*. De har forresten ikkje med *røyst(e)* vs. *røst(e)*, men det bør de, og her kan eg tenkje meg diftongformene som eineform ut ifrå at dei dominerer så mye i den typen nynorsk der orda er mest brukt, i organisasjons- og politikk-nynorsken. Også *høyre* og *øyre* kunne bli eineformer, men å komme *kjør(e)*, *mør*, *rør* og *skjør* til livs har eg mindre tru på. For meg er det mindre viktig å behalde *nød* og *jo*. Men det bør skiljast klart mellom *jau* som svarord og *jo* som adverb: *dette var jo bra*. Det skiljet bør markerast.

Dette er vanskelege tvils- og avvegingsspørsmål som neppe kan løyast med enkle anten – eller-vedtak. Her bør høringsrunden følgjast og vurderast nøye. Eit spesielt problem er samansetningar med somme av desse orda, særleg *drømme-*. Her er det slik at folk ofte blandar saman *draume-* og *drøyme-*: *draumedag* vs. *drøymedag*. Det kunne vere ein

tydingsskilnad her ('ein dag som er som ein draum' vs. 'ein dag da ein drøymer'), men eg trur det minst like ofte kjem av at det er vanskeleg for folk å halde frå kvarandre *draume-* og *drøyme-* når dei elles er vane med berre *drømme-*. Det ser ut til at sansen for skiljet mellom *au* og *øy* i slike nærskylde ordformer er på veg til å minke eller bli borte hos mange. Kanskje ein kunne ta med ei lita utgreiing om dette òg.

Bøying av hankjønnsord

Her har vi eit typisk dilemma, for unntaksgruppa med *-er* – *-ene* held seg godt i bruken, samtidig som stadig fleire, også i kjerneområda, har problem med å vite kva ord som høyrer til denne gruppa. Truleg vil det problemet auke, og eg meiner vedtaket i nemnda om jamstilling av *-ar* - *-ane* i slike former, er fornuftig (og tilsvarende i hokjønnsorda). Ein kunne likevel reise tvil om orda på *-nad* og *-a*, der den tradisjonelle normeringa (berre *-er* – *-ene*) jo baserer seg på ein klar og grei regel, og der særleg typen *sofaar* kan verke lite akseptabel. Men det same kan gjelde obligatoriske inkjekjønnsformer av typen *skjemaa*, *temaa*, som det neppe kan komme på tale å gjere noko med. Eg vil ikkje gå bastant inn for det eine eller det andre alternativet her.

Bøying av nokre enkeltord:

Det verkar drastisk på meg å ta ut *skor* – *skorne*, enda eg set pris på at ein beheld *sko* – *skoa*. Eg trur begge desse har store nok brukargrupper bak seg til at dei bør bli ståande. Dei andre framlegga i denne bolken er eg samd i.

Ymse

Av spørsmål til diskusjon tek de opp *da* – *då*, der eg meiner begge har så store brukargrupper bak seg, og står så sterkt som regionale identitetsmerke, at begge bør bli ståande (jf. omtalen av *no* – *nå* ovf.)

Eit vanskeleg spørsmål er *nokon* – *noen*. Her er *nokon* heilt dominerande i bruken, og det er gode grunnar til å gjennomføre denne forma. Problemet er særleg dei nokså komplekse reglane for bruken av *nokon* i fleirtal i forhold til *nokre*. Nemnda burde sjå på dei og anten sjå dei som argument for *noen*, som er enklare å bruke, eller vurdere ei forenkling av desse reglane ved *nokon* dersom ein kjem til at ein vil ta ut *noen*.

Eit par ekstra poeng til første punktet i kommentarane eg sende i går (laurdag 31.7.):

1 Rekkja "drynje - drønne" osv.: Eg ser de behandlar substantivpara "drøn - drønn" og "støn - stønn" som eitt ord kvar og vil gjere –nn obligatorisk i begge para. (De nemner ikkje "døn - dønn", men forholdet er vel det same der.) Det kjem i motsetnad til behandlinga av verba, for det er rimeleg å rekne "drønn", "dønn" og "stønn" som avleidde av "drønne", "dønne", "stønne". Formene med "-ynj-" hadde eigentleg avleiingane "dryn", "dyn" og "styn", med open y, altså ein y som nærmar seg ø (vanleg i vestlandske dialektar). I ei rettskrivingsreform har så desse orda fått ø: "drøn", "døn" og "støn". Det viser kor vanskeleg det er å streke opp faste grenser for kva som er separate ord og kva som er formvariantar.

2 Svømme: I Nynorskordboka har vi eit verb "svemje - svem - svam - svome", som tyder det

same som 'symje' og har felles opphav med det (jf. Petter Dass: "Svømmende dyr i det nordlandske Hav", nederlandsk "zwemmen", og for den del engelsk "swim"). Det er oppført som eige oppslagsord i ordboka. Eg trur jo dette med den daude hesten er relevant her, men det kan i alle fall fungere som eit argument for å behandle "svømme" på tilsvarende måte, slik nemnda foreslår. Da må også substantivet "svøm" ("leggje på svøm") førast opp som synonym til "(leggje på) sum", som det heiter i dag.